

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.03.2018

Det var 12 representantar til stades.

May-Eva Sandvik (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Planen bør ta inn følgjande punkt under 1. innsatsområde miljø og klima:

Tiltak:

Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgeslag eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.»

Geir Kjell Andersland (V) sette fram slikt forslag (a):

«Tillegg:

1. Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum til cruiseskip i regionen.
2. Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreining av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på besøkande/skip per dag. I dette ligg ei heilskapsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.
3. Arbeide for at spreining av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.»

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen (b):

«Det er viktig å få avklart kven som har initiativansvar for dei ulike tiltaka.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Sandvik sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (Frp).

Andersland sitt forslag (a) vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (Frp).

Andersland sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til «Handlingsplan cruise for Vestlandfylka 2018-2020».

2. Planen bør ta inn følgjande punkt under 1. innsatsområde miljø og klima:

Tiltak:

Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgeslag eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.

3. Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum til cruiseskip i regionen.

4. Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreining av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på besøkande/skip per dag. I dette ligg ei heilskapsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.

5. Arbeide for at spreiding av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.